

Strategi stadutvikling

Stad kommune

STAD²⁰
Eid og Selje i ny kommune 20



Innhold

		Side
1	<i>Bakgrunn og formål</i>	3
2	<i>Utviklingsretning for kommunen</i>	5
3	<i>Arbeidsmetode og gjennomføring</i>	8
4	<i>Fakta om kommunen (strukturelle forhold)</i>	12
5	<i>Tilbakemelding frå folkemøter</i>	16
6	<i>Strategi for stadsutvikling</i>	22
	<i>Vedlegg</i>	



1. Bakgrunn og formål

Bakgrunn og formål

Ny kommunestruktur medfører at gamle kommunesenter og stadar vil få nye roller og funksjonar. Utvikling av attraksjonar for turistar er med å heve stadskvalitetane for innbyggjarane. Formålet er å kartlegge kva roller og funksjonar stadane skal ha i ein ny kommune.

Det overordna målet er å utvikle Stad som eit attraktivt bu- og arbeidsområde:

- Kva er viktig for den enkelte stad og korleis skal tettstadane utfylle kvarandre?
- Kva er gap mellom NO-situasjon og ønska situasjon?
- Kva eigenkraft ligg på dei ulike stadane, og korleis kan dette løfte tettstadane opp til eit høgare nivå?
- Koordinere arbeid med kulturminneplan, stadsanalyse Leikanger, sentrumavgrensing Nordfjordeid, som kan ha innverknad på arbeid med stadskvalitetane

Mål og strategi for stadustvikling inkluderar tilbakemeldingar frå folkemøte og dybdeintervju.

Strategien er utforma på bestilling frå fellesnemnda i nye Stad kommune, og skal nyttast som eit styringsverktøy i arbeid med samfunnsplanlegging.

Strategien skal setje retning for samarbeid med bygdelag og organisasjonar.

Strategien skal inspirere til stadsutvikling og samarbeid om å utvikle Stad til ein god plass å bu og arbeide.



2. Utviklingsretning for kommunen

Stad kommune Morgondagens kommune?

Tenke nytt

Vi må tenke nytt både om korleis oppgåvene skal løysast, organiserast og kven som skal vere med å løyse dei.

STAD²⁰
Eid og Selje i ny kommune

Nytt syn på
offentleg sektor;
Frå ressursutnytting
til ressursmobilisering



"Historisk" tankesett Formyndarkommunen



Kommunen bestemte
"ovanfrå-og-ned".
Kommunen er ei myndighet

Dagens tankesett Servicekommunen



Kommunen er ein organisasjon
Brukaren bestemmer.
"Kommunen ber innbyggjaren
gjennom livet".

Morgondagens tankesett Samskapingskommunen



Kommunen er
eit lokalsamfunn.
Vi bestemmer saman.
"Kva kan vi få
til saman".

Utviklingsretning 2: Tenkte nytt og smart

Utviklingstrekk i samfunnet vil påvirke m.a. økonomi, struktur og arbeidsprosesser i norske kommunar.

Komplekse problemstillingar gjev eit aukande behov for å tenke nytt og smart når ein planlegg for framtidig velferd og tenesteyting.

Viktige område vil m.a. vere effektivisering og gevinstrealisering, berekraftig utvikling, privat-/offentlege samarbeid og tilpasning til eit teknologisk tidsskifte gjennom kunnskapsdeling og innovasjon.



Norge 2020-2060



Økonomi
Meir ustabil økonomi



Globale miljøproblem
Produksjon og forbruk må bli meir miljøvenleg



Behov for **innovasjon og utvikling** i privat og offentlig sektor



Offentleg sektor
Fleire oppgåver, begrensa ressursar - samtidig ei stigande forventning til tenestene



Demografi
Fleire eldre og kronisk sjuke, færre yrkesaktive



Teknologisk tidsskifte
Store krav til omstilling og innovasjon for å oppretthalde/auke verdiskapinga



3. Arbeidsmetode og gjennomføring

Telemarksforskning har identifisert ulike kjelder som påverkar folketalutvikling og bustadsattraktivitet i ein kommune

Strukturelle tilhøve er oppsummert på eit overordna nivå i kapittel 4. Dei overordna måla om positiv folketal- og arbeidsplassutvikling må sjåast i samanheng med dei strukturelle tilhøva.

Innbyggjarane har i folkemøter blitt utfordra på kva som er sterke og svake sider ved staden i dag, kva funksjon staden bør ha i ny kommune, og kva tiltak som bør prioriterast med omsyn til stads- og reisemålsutvikling i framtida. Tilbakemeldingane er oppsummert i kapittel 5.

Strategi for stadsutvikling i nye Stad kommune, kapittel 6, inkluderer både tiltak knytt til strukturelle tilhøve og bustadsattraktivitet.

Mål for stadsutvikling:
Vekst i folketal og arbeidsplassar



- Telemarksforskning har funne fire strukturelle tilhøve som forklarar flytting mellom kommunar i Noreg:
 - Arbeidsplassutvikling i nabokommunen
 - Arbeidsplassutvikling i kommunen
 - Pendlingsmoglegheiter
 - Folketal
- Til meir ein kommune har av dette, til større blir tilflyttinga.

Strategiske tiltak for å skape vekst i folketal og arbeidsplassar



Telemarksforskning peikar på 4 kjelder til bustadattraktivitet:

- **Areal og bygningar:** til dømes tomteareal, bustadar og tilgjengelegheit
- **Fasilitetar (gode):** til dømes kommunale tenester, fritidstilbod, kulturtilbod, privat tenesteyting og møteplassar
- **Omdømme:** til dømes stad å bu, stad å besøke og stad å drive næringsliv
- **Stadleg kultur og identitet:** til dømes gjestfriheit, toleranse, samarbeidsånd og utviklingskultur

Kva kjenneteiknar suksessrike norske distriktskommunar?

- Folk skapar stadar

Rapporten har fire hovudfunn som kjenneteiknar suksessrike norske distriktskommunar

Stadleg suksess handlar om stadleg kultur.

For eit klart fleirtal av studien sine femten casekommunar, finn vi tydelege spor av ein offensiv og optimistisk utviklingskultur.

Smådriftsfordelar

Det er kort veg mellom idéar og beslutningar, og desse korte avstandane vert nytta på ein god måte. Det er stor grad av kunnskapsdeling og tillitsbygging på tvers av fag- og sektorgrenser.

Betydninga av lokale entreprenørar / Ildsjuer

Enkeltpersonar er viktige for betydningsfulle tiltak, nyskappingsinitiativ eller nye vegval som blir tekne i kommunen.

Suksessrike kommunar
“fangar
moglegheitene”
- gjer kriser til anledningar og vurderer fare som potensiale.

 Telemarksforsking



Suksessrike distriktskommuner

En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner


LARS UELAND KOBRO, KNUT VAREIDE (Telemarksforsking)
OG MORTEN HATLING (Sintef)

TF-rapport nr. 303

2012

Brei involvering av innbyggjarar i arbeid med strategiutforming

I prosess med strategisk analyse og strategiutforming har ein lagt vekt på brei involvering og forankring hos ulike interessentgrupper for strategien. Innbyggjarane har vore involvert gjennom informasjonsmøte, dybdeintervju med stadsrepresentantar og folkemøte.






4. Fakta om Stad kommune


Folketal og sysselsetting i kommunen

Det bur totalt ca 9 500 personar i den nye kommunen per 3. kvartal 2018 (avrunda tal).

Analyse av næringsstruktur og utvikling av næringsstrategi har ikkje vore ein del av dette prosjektet, og er difor ikkje nærmare omtala i denne rapporten.




Folketal og basistilbod i dei ni krinsane



Folketalsutvikling 2040


Svak samla vekst i folketal fram mot 2040 (+ 30 personar)

Befolingsframskriving, Selje



Framskrivinga for Selje syner ein nedgang i befolkingstal frå 2757 personar i 2018 til 2502 personar i 2040. Nedgangen er på 9,2 %

Befolingsframskriving, Eid



Framskrivinga for Eid syner ei auke i befolkingstal frå 6157 personar i 2018 til 6442 personar i 2040. Auka er på 4,6 %.

*Det er ein differanse for Eid frå forrige side på 4 personar. Dette er fordi 4 personar ligg i "uoppgitt grunnkrets" i SSB tal



5. Tilbakemelding frå folkemøter

Kva er dei viktigaste stadskvalitetane?

Innspel frå kvar stad

I dybdeintervju med stadrepresentantar og i folkemøte har stadskvalitetar vore tema. I delrapportar (vedlegg 1-9) ligg utfyllande oversikt over kvalitetar for stadane.

1. Stårheim

For innbyggjar: Barnehage og skule. Allsidig organisasjonsliv og næringsliv.

For turist: Middelalderhistorie. Fruktbygd. Kort veg frå fjell til fjord.

2. Kjølsdalen

For innbyggjar: God skule og barnehage. Samhald i bygda. Allsidig organisasjonsliv.

For turist: Fjell, fjord, friluftsliv og utsikt. Godt bevarte kulturminne.

3. Bryggja

For innbyggjar: Trygt lokalsamfunn. Aktivt kulturliv, lag og organisasjonar. Sentral lokasjon (knutepunkt i kommunen).

For turist: Bakeri, kafé og pub. Utfartsmoglegheiter. Fjord og skjærgard, historie og kultur.

4. Hjelle

For innbyggjar: God og trygg skule. Godt samhald i bygda. Dugnadsånd. Gangveg til sentrum.

For turist: Hornindalsvatnet og laksefiske i Eidselva. Ski og fjellturar.

5. Nordfjordeid

For innbyggjar: Stort og variert arbeidsmarknad. Tilgang på bustad og tomt. Kulturtilbod, arrangement, allsidig fritidstilbod. Urbane kvalitetar.

For turist: Fjell, fjord og turar. Lokalmat, kafé, kultur og vikinghistorie

6. Haugen

For innbyggjar: God skule og lokasjonar for bustadtomter. Sentrumsnært med attraktive utfartsområde (Harpefossen m.fl.)

For turist: Naturskjønt med godt bevart kulturlandskap. Nærleik til Harpefossen, jakt- og fiskeområde.

7. Leikanger

For innbyggjar: Positiv driv, inkluderande folk. Skule, barnehage og eldretun. Spannande gründermiljø.

For turist: Levande bygder og gardar. Urørt, autentisk og ope landskap. Lokal matproduksjon, surfing, strandliv.

8. Selje

For innbyggjar: Naturkvalitetar og turmoglegheiter. Møteplassar, skule og barnehage.

For turist: Natur (hav, fjell, utsikt, lyset, vèret). Selja kloster, serveringsstadar og kafé

9. Flatraket

For innbyggjar: Samhald på tvers av generasjonar. Trygge bu- og oppvekstvilkår. Kort pendlaravstand.

For turist: Naturkvalitetar. Fred, ro og rekreasjon. Butikk i bygda.

Kva funksjon bør staden ha i ny kommune?

Innspel frå kvar stad

I dybdeintervju med stadrepresentantar og i folkemøte har funksjon i ny kommune vore tema. I delrapportar (vedlegg 1-9) ligg utfyllande oversikt over funksjonar i ny kommune.

1. Stårheim

Lokalsamfunn: Skulekrins. Gode fritidstilbod. Attraktive arbeidsplassar.

Reisemål: "Perla" midt i Nordfjord med fruktdyrking, salmediktaren Matias Orheim, kongs- og middelalderhistorie

2. Kjølsdalen

Lokalsamfunn: Pendlarsamfunn med mangfaldig skule og barnehage. Møteplass for privat og offentleg sektor.

Reisemål: Informasjonssenter for Lefdal Gruve. Camping og hytte, setermiljø og gardsbesøk

3. Bryggja

Lokalsamfunn: God plass å bu med nærleik til mange arbeidsplassar. Base for utrykkingsetatar grunna sentral lokasjon.

Reisemål: Stad for rekreasjon og fritid

4. Hjelle

Lokalsamfunn: Naturleg område for etablering. Attraktive bustadområder. Gode landbruksareal

Reisemål: "Djupaste vatn og høgaste fjell". Gardsturisme. Unik geologi med kviafossen og dødisgrop.

5. Nordfjordeid

Lokalsamfunn: Kommunesenter, handels- og kultursenter. Attraktive og varierte arbeidsplassar.

Reisemål: Senter for kulturarrangement og fjordopplevingar.

6. Haugen

Lokalsamfunn: Attraktiv stad å bu med gode tomter. Sentrums- og servicefunksjon. Kjerneområde for landbruk (mjølk og kjøtt).

Reisemål: Friluftselorado. Tilbydar av varierte skiaktivitetar. Vikinghistorie.

7. Leikanger

Lokalsamfunn: Senter for ytre del av kommunen. Stad for verdiskaping og allsidig næringsliv. Aktivt lag- og organisasjonsliv.

Reisemål: Trekkplaster for reiseliv (hav- og kystaktivitet, gardsturisme, surfing)

8. Selje

Lokalsamfunn: Administrasjonssenter i ytre del av kommune. Idretts- og kulturtilbod. Næringsliv "blå sektor".

Reisemål: Oppløvingsturisme (natur, kultur) med tydeleg identitet og fyrstårn (kloster, kysthistorie)

9. Flatraket

Lokalsamfunn: Ein god stad å vekse opp, bu og bli eldre på. Lokalt sentrum "Selje sør".

Reisemål: Tilbydar av naturaktivitetar, jakt og fiske. Ein stad å nyte solnedgangen.

Kva er dei viktigaste stadsutviklingstiltaka?

Innspel frå kvar stad

I dybdeintervju med stadrepresentantar og i folkemøte har stadsutviklingstiltak vore tema. I delrapportar (vedlegg 1-9) ligg utfyllande oversikt over utviklingstiltak for stadane.

1. Stårheim

Lokalsamfunn: Utvikle byggeklare tomter, betre trafikktryggleik, arbeidsplassar og næringsareal

Reisemål: Betre marknadsføring, utvikle turistnæring (fruktbygd og historie), fleire overnattingsplassar.

2. Kjølsdalen

Lokalsamfunn: Bustadtomter. Etablere arbeidsrute til Selje og Eid. Vegtryggleik og infrastruktur. Fiberutbygging.

Reisemål: Skilting og informasjon. Utvide overnattingstilbod og hyttefelt. Skogrydding og merking av turstiar.

3. Bryggja

Lokalsamfunn: Utvikle bustadfelt, næringsliv og vaktsentral med helikopterlanding. Utvikle Kalneset / djupvasskai.

Reisemål: Tilby overnatting. Utvikle Søholmen og postvegen Bryggja-Selje

4. Hjelle

Lokalsamfunn: Utvikle kommunalt bustadområde. Ta i bruk unyttare industriareal. Gangbru over Eidselva

Reisemål: Tursti og skilting. Sikre godt samarbeid mellom reiselivsaktørar. Tilby nye aktivitetar, t.d. kajakk.

5. Nordfjordeid

Lokalsamfunn: Marknadsføring - bli meir synleg for å rekruttere. Kulturkalender på nett.

Reisemål: Kart og skilting. Digital og fysisk turistinformasjon. Samarbeid mellom aktørar i kundereisa.

6. Haugen

Lokalsamfunn: Fortgang i planarbeid for bustadbygging. Gang og sykkelveg til Nordfjordeid. Ivareta landbruket.

Reisemål: Profesjonalisere drift og marknadsføring (historie). Betre turstiar og infrastruktur til Harpefossen.

7. Leikanger

Lokalsamfunn: Tilby tomter, bustadar og utleigebustadar. Tilrettelegge for vekst i næring via rekruttering og samlingar.

Reisemål: Skape heilårsarbeidsplassar reiseliv. Bygge merkevare Stad. Betre sanitæranlegg, kollektivtilbod, m.v.

8. Selje

Lokalsamfunn: Gode offentlege tenester. Legge til rette for tilflytting. Forbetre kollektivtransport (land og sjø) og vegnett.

Reisemål: Informasjon, skilting, merking av turstiar, hotell og utvikle opplevingar.

9. Flatraket

Lokalsamfunn: Behalde basistilbod. Betre kollektivtilbod. Utvikle industriområde. Marknadsføre tomter.

Reisemål: Etablere servicebygg, kafé og informasjonstavle. Utvikle opplevingar og fleire overnattingsplassar

Samandrag styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar

Styrkar

- Midt i Nordfjord
- Kulturliv
- Breidda i tilbod på Eid VGS.
- Folkehøgskule
- Fleire fyrtårn og stadskvalitetar ved den enkelte stad, som kan bli løfta fram og profilerte i historieforteljing
- Skule og barnehage i 9 krinsar
- Eldsjeler og motorar for utvikling av stadane
- Effektiv, god og involverande kommune

Svakheiter

- Engasjement og involvering frå ungdom
- Manglande tilgang til bustad, tomt og næringsareal i deler av kommunen
- Behov for modernisering av bygdehus og nærmiljøanlegg på fleire av stadane
- Offentleg transport og vegsamband
- Lange avstandar i kommunen

Moglegheiter

- Meir samarbeid i Nordfjord om utvikling av felles bu- og arbeidsregion og infrastruktur
- Utvikle nye løysingar for fleirfunksjonsbygg og kommunale tenester i samarbeid med f.eks. stat/fylke, næringsliv og skule-/FoU-miljø
- Meir samarbeid med FoU miljø. Utvikle kunnskapsstruktur.
- Byggje historie, identitet og stoltheit for staden
- Tilrettelegge for kreative miljø som er attraktive for unge menneske, til dømes med utspring i kulturliv eller teknologimiljø
- Kontinuerlig arbeid med opprusting av nærmiljøanlegg
- Utvikling av Prestebakken næringsbygg
- Spele på spesifikke stadskvalitetar som tiltrekk seg ungdom i marknadsføring av bu- og arbeidsområde


Truslar

- Demografiutvikling
- Rekruttering
- Suboptimalisering mellom kommunane i Nordfjord
- Suboptimalisering mellom stadane innad i kommunen
- At ein ikkje lukkast med å etablere ein kultur for samarbeid
- Høg kostnad ved desentralisert struktur
- Kommuneøkonomi
- At staden dør ut fordi ein ikkje klarer å oppretthalde basistilbod (skule, barnehage og fritidsarena)
- At ein ikkje klarer å følgje opp og gjennomføre tiltak i planen
- At ein ligg i utkanten av Vestland fylke
- For svak lokal investeringsvilje i delar av kommunen



6. Strategi for stadsutvikling

Kva meiner innbyggjarane er viktig for utvikling av staden?



Basert på tilbakemelding i folkemøte har vi oppsummert område som spesielt viktige for at kommunen skal vere ein god plass å bu og arbeide, og attraktivt å besøke:

- Identitet, historie og stoltheit for staden
- Bustadtomter, arbeidsplass og næringsareal
- Gode skular, kreative miljø og møteplassar
- Kultur- og fritidstilbodet (høg kvalitet)
- Naturkvalitetar, informasjon og skilting
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Aktivt organisasjonsliv og dugnadsånd
- Trygge samband (sjø og land) og gode kollektivtilbod
- Kommune som vil utvikling



Samfunnsmål

Gode bumiljø
Gode oppvekstsvilkår
Trygge lokalsamfunn



«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Samfunnsmål




Verdiar

Kva skal innbyggjar og næringa oppleve i Stad?

Livskraftig

Trygt

Dra i lag



Kommunal strategi

1

Samarbeid og fleirkjernestruktur i Nordfjord

2

Formidle stadkvalitet, identitet og historia til stadane, spesielt kyst- og fjordkulturen

3

Utvikle løysingar for fleifunksjonsbygg

4

Transportløysingar som bind kommunen saman effektivt og trygt (sjø og land)

5

Sette bygdene i stand til utvikling i eigen regi

6

Enkle og konkrete stadsutviklingstiltak



Organisering

- Bruke stadsutviklingsstrategien aktivt i samfunnsplanlegginga
- Etablere bulystfond, invitere FoU-miljø eller næringsliv til samarbeid
- Etablere møteplassar og samarbeid med bygdelaga, helst på tvers av bygdene (politisk og administrativt)
- Regionalt prosjekt “samarbeid og fleirkjernestruktur i Nordfjord”

Hovudstrategiar

1

“ Samarbeid og fleirkjernestruktur i Nordfjord

2

“ Formidle stadkvalitet, identitet og historia til stadane, spesielt kyst- og fjordkulturen

3

“ Utvikle løysingar for fleirfunksjonsbygg

4

“Transportløysingar som bind kommunen saman effektivt og trygt (sjø og land)

5

“ Sette bygdene i stand til utvikling i eigenregi

6

“Enkle og konkrete stadsutviklingstiltak

*“Samarbeid og
fleirkjernestruktur i
Nordfjord*

1. Utfordre Nordfjordrådet på gjennomføring av eit regionalt stadsutviklingsprosjekt med fokus på fleirkjernestruktur. Eksempel på tema som bør med:
 - a. Sentrumstruktur i Nordfjord
 - i. Kva er kvalitetane til tettstadane i Nordfjord?
 - ii. Korleis kan tettstadane gjensidig styrke og utvikle hverandre?
 - iii. Korleis marknadsføre og “brande” attraktivt å bu, arbeide og besøke Nordfjord?
 - b. Offentlege arbeidsplassar
 - i. Kva offentlege arbeidsplassar bør ein jobbe for i Nordfjord?
 - ii. Korleis mobilisere i lag i lys av regionreform?
 - c. Klyngeutvikling og kapital til næringslivet i regionen
 - i. Teknologi
 - ii. Kultur- og kreativ næring
 - iii. Turisme
 - iv. Blå sektor
 - d. Kollektivt rutetilbod sjø og land
 - e. Utvikling av kunnskapsmiljø i regionen
2. Mobilisere ei “Nordfjordgruppe” som jobbar for realisering av Nordfjordsamarbeidet (næringsliv, skule, kommune, reiseliv, landbruk)

*“ Formidle
stadkvalitet, identitet
og historia til
stadane, spesielt
kyst- og fjordkulturen*

1. Samle og formidle identitet og historie:
 - a. Viking- og kongshistorie
 - b. Pilegrim- og klosterhistorie
 - c. Kyst- og fjordkultur
 - d. Fjordhesten
 - e. Fruktdyrking
 - f. Forsvarshistoria
 - g. Kulturlandskap
2. Skildre og visualisere stadskvalitetane/”fyrtårna”
 - a. Hornindalsvatnet
 - b. Urbane kvalitetar i Eid
 - c. Surfemogelegheitene
 - d. Fjord- og skjærgard
 - e. Ski-/løyper-/hytter
 - f. Landbruk og fruktdyrking
 - g. Selja kloster
3. Marknadsføre stadskvalitetar, identitet og lokal historie for ulike målgruppe:
 - a. Barne og unge
 - b. Barnefamiliar
 - c. Innbyggjarane
 - d. Kreative miljø
 - e. Turist/besøkjande
4. Samordne og koordinere profil- og merkevarebygging med Visit Nordfjord
5. Informasjon og historiefortelling ved utsiktspunkt og turmål

“Utvikle løysingar for fleirfunksjonelle bygg

1. Framtidas servicebygg i kommunen
 - a. Hente inspirasjon og kunnskap frå andre når det gjeld utforming og løysingar (stikkord: campustenking, teknologi, privat-/offentleg samarbeid, statlege-/offentlege arbeidsplassar, møteplassar)
 - b. Plan for lokalisering, innhald og struktur
 - c. Kartlegge mogelegheiter for etablering av kontorhotell
2. Følgje opp konkrete initiativ:
 - a. Når det dukkar opp initiativ om utvikling av næringsbygg/arena; gjennomfør dialog med investorgruppe/forretningsutviklar om mogelege fellesfunksjonar (f.eks. møteplass, informasjonspunkt, parkering etc.)
3. Kartlegge og vurdere løysingar for meir effektiv utnytting av bygningsmasse, og etablering av fellesfunksjonar i:
 - a. Rådhus
 - b. Skular
 - c. Helsehus
 - d. Gymsalar
 - e. Bygdehus
4. Heilskapleg og langsiktig plan for utvikling av skule, idrettsanlegg og kulturbygg Nordfjordeid

*“ Byggje saman
kommunen med
effektive og trygge
transportløyningar
(sjø og land)*

1. Gang- og sykkelveg som bind stadane/kommunen saman
 - a. Haugen-Eid
 - b. Gangbru over Eidselva (Hjelle)
 - c. Skule-idrettsanlegg Stårheim
 - d. Hamreosen (Selje)
 - e. Stavefeltet (Leikanger)
 - f. Langsiktige plan for øvrig utvikling
2. Veg og arealutvikling Vestkapp
 - a. Utreie alternative traséval m.a. i dialog med reiselivsaktørar som etablerer seg i område
 - b. Plan for heilårsopen veg til Vestkapp
3. Utvikle kollektivtilbodet på land og til sjøs, m.a. med omsyn til kollektivtransport innad i kommunen og reisemålsutvikling. I arbeidet; ta omsyn til kommunen sin klimastrategi.
4. Aktivt jobbe for Stad skipstunnell for å sikre gjennomføring av prosjektet
5. Knyte Selje og Bryggja saman gjennom Postvegen (tursti med behov for oppgradering). Kartlegge mogelegheiter for å få status som nasjonal turiststi
6. Knutepunkt for kollektivtrafikk på Eid (fjord-/buss)

“Setje bygdene i stand til utvikling i eigenregi

1. Involvering av stadane i politiske prosessar i ny kommune. Mobilisering med utgangspunkt i arbeid med stadsutviklingsstrategi.
2. Etablere fast møteplass mellom stadsrepresentantane og kommunen for oppfølging av tiltak i delrapportane
 - a. Prioritering av tiltak
 - b. Ressurs- og kompetansebehov
 - c. Økonomi
 - d. Samarbeidsløysingar
3. Etablere samarbeid mellom bygdelag.
 - a. Korleis mobilisere og utvikle kommunen saman?
 - b. Arbeidet må koordinerast med kommunen si framtidige organisering

*“ Enkle og konkrete
stadutviklingstiltak*

1. Følgje opp kart, informasjon og skilting (fysisk og digitalt)
 - a. Turstiar
 - b. Sykkel
 - c. Skiløyper
 - d. Sentrumsnære og kortreiste attraksjonar
2. Vurdere nærmiljøanlegg som “fyrtårn” i regionen: (Hornindalsvatnet, Skatepark Eid, fjordportal Nordfjordeid, Seljesanden, Hoddevika/Ervika, Korsen Leikanger)
3. Etablere bulystfond
4. Invitere FoU-miljø eller næringsliv til samarbeid
5. Plan for stadsutvikling:
 - a. Hjelle
 - b. Nordfjordeid
 - c. Haugen
 - d. Stårheim
 - e. Kjølsdalen
 - f. Bryggja
 - g. Selje
 - h. Flatraket
 - i. Leikanger



VEDLEGG 1

Detaljar om gjennomføring

Oversikt dybdeintervju med stadsrepresentantar

Tema for dybdeintervju har vore nøkkelinformasjon om staden, bustad og næringsareal, tenester og tilbod, stadkvalitetar i dag, prioriterte tiltak i framtida og rolle og funksjon for staden i ny kommune.

Stadrepresentant(ar)	Stad	Dato for intervju
Øystein Hessevik	Bryggja	24.9
Per Helge Helgesen	Selje	24.9
Stig Ødegård	Flatraket	24.9
Jon Frogner	Leikanger	24.9
Vidir Reyр Björvinsson	Kjølsdalen	25.9
Ove Haveland	Haugen	25.9
Mariann Vereide Botn	Stårheim	25.9
Sveinung Pile	Hjelle	25.9
Astrid Grete Torheim, Gerd Fløde Bjørlo, Kathrine Berg, Oddvar Os, Kristoffer Vedvik Eikeset	Eid	25.9

Styringsgruppa i prosjektet har hatt to møter ved oppstart og avslutning, samt at strategien har vore sendt på høyring. Styringsgruppa i prosjektet har bestått av: Eli Førde Aarskog, Geir Årvik, Alfred Bjørlo, Gerd Fløde Bjørlo, Marita Lindvik, Calle Magnusson, Leon Knapskog, Olav Hjelle .

Korleis har prosjektet vore gjennomført

Oversikt folkemøte

Tema for folkemøte har vore kvalitetar og utfordringar ved staden, tiltak for å utvikle staden og rolle og funksjon i ny kommune. Det har vore diskusjonar rundt staden som lokalsamfunn og som reise mål. Folkemøta har hatt godt oppmøte, med om lag 260 deltakarar til saman



Leikanger: ca. 60

Selje: ca. 40

Flatraket: ca. 30

Bryggja: 34

Kjølisdalen: 25-30

Stårheim: 24

Haugen: 15-20

Nordfjordeid: 7

Hjelle: 15-20

